



Statnett SF
Postboks 4904 Nydalen
0423 OSLO

Deira ref

Vår ref
25/3246-

Dato
16. februar 2026

Klage på vedtak om Krossdalen transformatorstasjon i Modalen kommune, Vestland fylke

Bakgrunn

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) gav i vedtak 2. oktober 2025 Statnett SF (Statnett) anleggskonsesjon til å bygge Krossdalen transformatorstasjon med tilhørende tilkomstveg og andre hjelpeanlegg, og til å legge om kraftleidningar inn til nye Krossdalen transformatorstasjon. NVE gav samtidig Statnett samtykke til oreigning av nødvendig grunn og retter til å bygge og drive anlegga.

NVE har mottatt éin klage på konsesjonsvedtaket og samtykke til oreigning for Krossdalen transformatorstasjon frå Modalen kommune. Klagen er gitt innan klagefristen og NVE har vurdert at klagaren har rettsleg klageinteresse.

NVE kunne ikkje sjå at klagen gav grunnlag for å endre eller oppheve vedtaket, og sende over klagen til endeleg behandling i Energidepartementet (ED) 16. desember 2025, jf. forvaltningsloven § 33.

NVE sitt vedtak

NVE har gitt konsesjon til å bygge, eige og drive Krossdalen transformatorstasjon med tilhørende tilkomstveg og hjelpeanlegg, og å legge om og bygge kraftleidningar i tilknytning til transformatorstasjonen. NVE gav samtidig Eviny Fornybar AS (Eviny) anleggskonsesjon til å bygge nødvendige elektriske anlegg i Krossdalen transformatorstasjon, Steinsland koplingsstasjon, Steinsland kraftverk og Nygard pumpekraftverk, samt til å rive gamle og bygge nye kraftleidningar. Statnett fekk i forbindelse med anleggskonsesjonen, samtykke til oreigning av nødvendig grunn.

Postadresse
Postboks 8148 Dep
0033 Oslo
postmottak@ed.dep.no

Kontoradresse
Akersgata 59
ed.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
977 161 630

Avdeling

Saksbehandlar
Astrid Seland
22 24 62 61

Etter NVE si vurdering vil Krossdalen transformatorstasjon bidra til å forsterke transmisjonsnettet inn mot bergensregionen. Statnett har tidlegare peikt på nettforbindelsen frå Sogndal via Modalen til Kollsnes utanfor Bergen, som den største flaskehalsen inn til regionen. Statnett eig og driv i dag Modalen koplingsstasjon. Korkje anlegga i stasjonen eller eksisterande 300 kV luftleidningar er eigna for oppgradering til høgare spenningsnivå. NVE meiner Statnett har søkt på ei løysing som reduserer utkoplingstida og som er samfunnsmessig rasjonell.

Tiltaket har nokre negative verknader for miljø- og allmenne interesser, mellom anna for naturmangfald og friluftsliv. For å redusere negative verknader, har NVE satt ei rekke krav til bygging og drift av transformatorstasjonen. Mellom anna må Statnett ta i bruk landskapsfagleg kompetanse for å tilpasse permanente hjelpeanlegg til landskapet, utføre skånsam skogrydding og sørge for at masteplasseringar tar omsyn til naturmangfald og friluftsliv. NVE har etter ei samla vurdering funne at dei samfunnsmessige fordelane ved å bygge anlegga er større enn ulempene.

Energidepartementets vurdering

Departementet skal i behandlinga av klagen vurdere merknadene i klagen og har kompetanse til å prøve alle sider av saken, jf. forvaltningslova § 34 andre ledd.

Modalen kommune klagar på at NVE ikkje har pålagt Statnett å etablere ei tilknytning mellom Krossdalen transformatorstasjon og lokalt distribusjonsnett. Kommunen peikar på at ei slik tilknytning vil styrke forsyningstryggleik, regional utvikling, fornybar kraftproduksjon og beredskap i kommunen. Kommunen ber om at det vert stilt vilkår om etablering av tilknytingspunkt for effektutveksling ved nye Krossdalen transformatorstasjon.

Statnett skriv i brev til NVE 13. november 2025 at Krossdalen transformatorstasjon etter deira vurdering legg til rette for forsyningstryggleik og fleksibilitet i utvikling av forbruk og produksjon i regionen. Statnett viser til at bygging og drift av ein 132 kV regionalnettstasjon og transformering til 22 kV ligg utanfor deira ansvarsområde. NVE har slutta seg til Statnett sin vurdering.

Departementet viser til at Statnett er systemansvarleg for det norske kraftsystemet. Det inneber å vere operatør av transmisjonsnettet i Noreg. Drift av lokalt distribusjonsnett ligg ikkje innanfor systemoperatøren sitt ansvarsområde. Departementet understrekar at andre nettselskap står fritt til å søke om etablering av eigne anlegg med tilknytingspunkt for distribusjonsnett i Krossdalen transformatorstasjon, men at ei slik etablering ikkje kan påleggast Statnett som vilkår i konsesjon.

Modalen kommune skriv i klagen si at landskapsinngrep knytt til transformatorstasjonen og nye kraftleidningar, vil svekke opplevingsverdien i kommunen og kommunen sin attraktivitet. Kommunen skriv at transformatorstasjonen er planlagt i eit viktig hytte- og friluftsområde i Modalen, og understrekar betydninga av å ta i bruk lokalkunnskap når det gjeld bruken av området.

Statnett skriv at det blei vurdert fleire plasseringar både for transformatorstasjonen og leidningstrasear i ein tidleg fase av prosjektet. Plasseringa som er konsesjonssøkt, er etter Statnett si meining alternativet som samla sett gjev minst negativ påverknad.

NVE meiner Statnett har redusert arealbeslaget for transformatorstasjonen og leidningstrasear så langt det lar seg gjere. Direktoratet meiner likevel at transformatorstasjonen og kraftleidningane medfører eit betydeleg arealinngrep. Arealbruken vil etter NVE si vurdering bli redusert når Statnett brukar om att eksisterande leidningstrasé, og NVE meiner det er positivt at arealbruken blir samla til område kor det allereie finst infrastruktur. I konsesjonsbehandlinga har NVE lagt vekt på at det allereie er luftleidningar i området, og NVE har satt vilkår om skånsam skogrydding og at mastene blir plassert ved sidan av kvarandre for å minimere visuelle verknader.

ED legg til grunn at dei aktuelle tiltaka førar til betydelege arealinngrep. Både området som er satt av til Krossdalen transformatorstasjon og til nye kraftleidningar, beslaglegg eit større areal enn dagens arealinngrep i dei same områda. I følgje konsekvensutgreiinga er det kraftleidningane som gjev størst verknad på friluftslivet i kommunen. Departementet meiner likevel at Statnett har gjort gode vurderingar for å redusere inngrepa. Det er mellom anna positivt at transformatorstasjonen blir bygd i eit område som allereie er prega av tekniske inngrep og at nye leidningar blir ført parallelt med eksisterande leidningstrasear. Departementet stiller seg bak NVE si vurdering om at Statnett har søkt om ei løysing kor arealbeslaget er redusert så langt det let seg gjere.

Departementet er einig med Modalen kommune i at lokalkunnskap har verdi for prosjekteringa, særleg når det kjem til arealbruk og friluftsliv i kommunen. ED viser til at ein detaljplan må godkjennast før byggestart. Detaljplanen skal bli utarbeida i dialog med Modalen kommune der det er aktuelt, mellom anna i høve til friluftsliv.

Modalen kommune klager òg på at forhold knytt til veg og infrastruktur ikkje er tilstrekkeleg vurdert i vedtaket. Kommunen peiker på at ved bygging av ein ny vegtrasé frå Øvre Helland til Krossdalen bør det bli lagt til rette for samlokalisering av straum og fiber for å redusere samla naturinngrep, at vegen bør følgje eksisterande trasé i størst mogeleg grad, at vedlikehaldsansvaret for ny veg må løysast i samarbeid med kommunen og at slitasje på kommunale og private vegar som følgje av anleggstrafikk, må utbetrast av tiltakshavar. Kommunen meiner at forholda er avgjerande for tryggleik, drift og lokal aksept i anleggs- og driftsfasen, og ønskjer at dei blir tekne med i vedtaket som vilkår.

Statnett viser til at den eksisterande 22 kV luftleidninga og fiber som er direkte påverka av prosjektet, vil bli lagt om til kabel. Vidare blir det lagt til rette for kabling frå stasjonsområdet til parkeringsplassen ved Krossvatnet. Statnett meiner at det er eigaren av leidninga som må finansiere ytterlegare omlegging til kabel eller fiber i grøft. Vidare skriv Statnett at dei opplever at det har vore god dialog med kommunen om utforming og utgreiing av ny vegtrasé. Statnett ønskjer å bruke om og oppgradere mest mogeleg av vegen som er der i

dag, men har vurdert at det er nødvendig med ein ny trasé for om lag 2 kilometer av strekningen. Statnett meiner at dei ikkje har erstatningsansvar for slitasje på offentlig veg som blir brukt i samsvar med av bruksklasse.

NVE meiner det ikkje er riktig å pålegge Statnett å bygge fiber i vegtraseen når Statnett ikkje har behov for det. Direktoratet meiner vidare at Statnett har søkt om eit tiltak som samlar arealbeslag til eitt område, og legg til grunn at Statnett detaljplanlegg vegen slik at han får ei best mogeleg tilpassing til landskapet. NVE ansar eigarskapet til vegen som ei privatrettsleg sak som Statnett og Modalen kommune må avklare seg imellom.

Departementet stiller seg bak NVE si vurdering om at det ikkje er riktig å pålegge Statnett å bygge fiber eller kable leidningar som selskapet sjølv ikkje har behov for å legge om. Slik departementet forstår det, er det behov for om lag 28 kilometer med veg frå kaihakket til transformatorstasjonen. Av dei 28 kilometrane er det to kilometer som er ny trasé. Resten er ein allereie eksisterande vegtrasé som treng oppgradering på nokre lokasjonar for å tole transport av tunge anleggsdelar. Departementet ser det som positivt at delar av vegen blir forbetra. Departementet meiner vidare at Statnett har utarbeida eit forslag til vegtrasé som på ein god måte følgjer eksisterande trasé og reduserer nye terrenginngrep.

Kommunen skriv at NVE ikkje i tilstrekkeleg grad har vurdert kommunen sine faglege innspel eller grunngitt kvifor disse ikkje har blitt tatt til følge. Modalen kommune meiner at NVE gjennomgåande har støtta Statnett sine synspunkt, og at dette svekkjer tilliten til prosessen fordi det gir inntrykk av at innspel frå kommunen ikkje har reell påverknad.

NVE skriv at vedtaket er basert på eigne faglege vurderingar. Direktoratet understrekar at vurderinga er basert på informasjon frå søknaden, konsekvensutgreiinga og høyringsfråsegner. Vidare skriv NVE at det i vedtaket er satt fleire vilkår om avbøtande tiltak enn det konsekvensutgreiinga og Statnett peika på, og at det er ein føresetnad at Statnett ved behov drøftar detaljplanen med regionale- og andre myndigheiter, instansar og foreiningar.

ED stiller seg bak NVE sine vurderingar og understrekar at direktoratet legg faglege vurderingar til grunn for konsesjonsbehandlingen. Departementet vil òg understreke at konsesjonsprosessen er ei kompleks prosess, kor ulike verknader balanserast mot kvarandre. Departementet meiner at NVE har fatta eit godt vedtak, med vilkår som avbøter verknader for miljø og samfunn.

Samla vurdering

Departementet vurderer at dei negative verknadene er mindre enn ulempene ved tiltaket, og sluttar seg til NVE sitt vedtak.

Departementet kan ikkje sjå at det i klaga kjem fram moment som gjer grunnlag for å gjere om vedtaket.

Oreigning

NVE sitt vedtak av 2. oktober 2025 omfatta òg løyve til oreigning etter oreigningslova. Statnett søkte om samtykke til oreigning av naudsynt grunn og rettar for å bygge og drive elektriske anlegg, medrekna rettar for all naudsynt ferdsel og transport og deponering av massar, jf. oreigningslova § 2 punkt 19. Departementet legg til grunn at klagen frå Modalen kommune òg gjeld samtykket til oreigning.

Samtykke til oreigning kan berre bli gitt dersom inngrepa tvillaust er meir til gagn enn skade, jf. oreigningslova § 2. Departementet viser til NVE si samla vurdering, der det går frem at det er naudsynt å bygge Krossdalen transformatorstasjon, legge om kraftleidningar og oppgradere og bygge eksisterande og nye vegar. Departementet stillar seg bak NVE si vurdering om at dei samfunnsmessige fordelane av tiltaket er større enn omsynet til den enkelte grunneigar eller rettshavar, og finn at det òg gjeld i høve til oreigning.

Departementet stadfester samtykket til oreigning av naudsynt grunn og rettar til bygging og drift av anlegga, jf. oreigningslova § 2.

Konklusjon

Klagen blir ikkje tatt til følge. Energidepartementet opprettheld NVE sitt vedtak av 2. oktober 2025 om anleggskonsesjon og samtykke til oreigning for Krossdalen transformatorstasjon i Modalen kommune.

Departementets vedtak er endeleg. Det er ikkje klagerett på klageinstansens vedtak, jf. forvaltningsloven § 28 tredje ledd første punktum.

Med helsing

Tollef Taksdal (e.f.)
avdelingsdirektør

Astrid Seland
førstekonsulent

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar

Mottakarliste

Modalen kommune
Statnett SF

Kopi

Noregs vassdrags- og energidirektorat